



Notat

Dato: 23.11.2017
Arkivsak: 2017/16474-8
Saksbehandlar: talhals

Til: Sigrid Næsheim Bjercke

Frå: Tale Halsør

Innspel til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune - klima og energi

Under følgjer innspel til tema i kommuneplanens arealdel for Bergen kommune. Eg har teke med retningslinjer og strategiar frå klimaplanen, som du kan nytte som argumentasjon i teksten du formulerer. Under følgjer eit par punkt eg meiner bør inn i fråsegnet. Du får vurdere korleis det kan brukast.

3.8 Klima og energi **planseksjonen eller klima- og naturressursseksjonen**

Føringar frå regional plan

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande retningslinjer for areal- og transportplanlegging:

1. Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.
2. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokalisrast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.
3. I Bergensområdet skal bustadområde og arbeidsplassintensive næringsområde lokalisrast i tilknytning til kollektivnettet.
4. Fortetting skal vektleggjast framfor nye spreidde bustadareal. Ledig kapasitet i eksisterande byggeområde skal vurderast opp mot behovet for nye bustader. Fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal.
5. Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar.
6. Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.
7. I sentrumsområde skal det leggjast til rette for attraktive gangaksar mellom viktige målpunkt.
8. I Bergensområdet skal grøntstrukturar og friluftsområde vera tilrettelagt med gang- og sykkelveggar.
9. Kommunal planlegging skal leggje til rette for fornybar lokal energibruk.

Planen har følgjande strategiar for å måla om å redusere klimagassutslepp frå vegtrafikk:
(Her tek eg ikkje med strategi A, som går på fortetting, som Planseksjonen har fokus på, eg tek heller ikkje med strategi D som går på utskifting til null- og lågutsleppskøyretøy, som er mest aktuelt utanfor byane).

Strategi B: Meir sykkel, gange og kollektivtransport

1. Delen av reiser med kollektivtrafikk i Bergensområdet skal vere 18 % av alle reiser i 2030.

2. Delen av reiser til fots i Bergensområdet skal vere 21 % av alle reiser i 2030. I resten av fylket skal det aukast monaleg.
3. Delen av reiser med sykkel i Bergensområdet skal vere 10 % av alle reiser i 2030. I resten av fylket skal det aukast monaleg.
4. Legge til rette for sykklar inklusiv elsyklar. Vedlikehald av fortau og gangfelt skal ha høg prioritet.
5. På fylkeskommunale vegar skal ein skilja syklende frå biltrafikken og fotgjengarar og utvida nettet av kollektivfelt.

Strategi C: Avgrensning biltrafikken

6. Innføring av differensierte bompengar i og kring Bergen i høve:
 - rushtid
 - miljøutslepp
 - tal passasjerar i bilen
7. Reduksjon i talet på offentlege og private langtids-parkeringsplassar i sentrale delar av Bergen.
8. Etablere innfartsparkering med sykkelparkering ved større kollektive trafikknutepunkt utanfor sentrale delar av Bergen.
9. Reiser utført som bilpassasjer skal auke og utgjere 10 % av alle reiser i Bergensområdet innan 2030.
10. Stimulere til auka samkøyring i heile fylket.
11. Stimulere til bildeling.

Tilråding frå Klima- og naturressursseksjonen, tema klima og energi

1. Hordaland fylkeskommune støtter Bergen kommune si målsetting om «gåbyen». Dette er med å støtte opp om fylkeskommunen sine retningslinjer for areal og transportplanlegging og vil fremje gange i tråd med strategi B pkt.2. Vi meiner det er behov for å løfte sykkel som transportform høgare opp i planen, jf. strategi B pkt. 3, 4 og 5. For å lukkast med å auke sykkelandelen i transportmiksen i Bergen, meiner vi følgjande tiltak må vurderast:
 - Bergen har svært låg sykkelandel og det må alltid vurderast nye sykkeltiltak ved nye utbyggingar for å få fart på utbygging av infrastruktur til sykkel (jf. § 16).
 - 30-sone må innførast på vegar inn til sentrumsområder og til Bergen sentrum, der det ikkje eksisterer alternative sykkelveg.
 - Det må etablerast sikker og vørsikra sykkelparkering, også for transportsyklar (jf. § 17-7) ved offentlege bygg som forsamlingslokale, idrettshallar o.l., sentrumsområder og ulike målpunkt sentralt i Bergen og dette må prioriterast også i områder med kulturminner.
 - Det må etablerast vørsikker parkering for sykkelvogner i barnehagane, for at barnefamiljar kan sykle ungane til og frå barnehage utan at kvar familie må ha fleire sykkelvogner.
 - Nye bustadar utan garasje må ha tilgang til å parkere sykkel innandørs i bod eller liknande. Dette gjeld også transportsyklar (jf. §9).
 - Som del av kommuneplanens arealdel må kommunen avklare sykkeltrasear gjennom Bergen sentrum. Dersom ein ikkje lukkast med å etablere eigen trase for sykkel, må kommunen tydeleg merke korleis dei ønskjer at syklende skal krysse byen, og legge ein plan for omkøyringar dersom delar eller heile traseen vert stengd.
 - Sikker og vørsikra sykkelparkering, med rom for transportsyklar, må etablerast i randsona til eventuelle områder der sykkel ikkje er ønska (til dømes i sentrumsområder tilrettelagd utelukkande for gåande).
 - Populære friluftsområder må gjerast tilgjengeleg med sykkelveg eller 30-sone, og sikker og vørsikra sykkelparkering.
2. Det er eit pågåande arbeid for å få på plass landstraum til cruiseskip i Bergen. Arealbehov for anlegg bør vurderast i planen.
 - Sikre areal for lading av elektriske busser ved endeholdeplassar .

- Sikre tilstrekkeleg areal for energistasjonar for nullutsleppsteknologi i vegtransport